



**Statens vegvesen**  
Region midt  
Ressurs

HOVUDARKIV: 470.063.09  
OPPDRAAGSNR.: BS04037  
LAB.ARKIV: Rv 63 HP 9  
KOMMUNE: Norddal  
KARTREFERANSE:

TITTEL:	<b>EROSJON I SKRÅNING VED VALLDAL HÖVLERİ</b>		
SAKSBEH.:	Ove Strømme	RAPPORT NR.:	
KONTAKT:	Jens Hamre Moe		1
DATO:	2004-06-28	VÅR REF.:	200438053-1
SENDT TIL:	J. H. Moe, R. Lunheim		
VEGTEKNISK SEKSJON:	<u>Ove Strømme</u>		

## Orientering

Riksvegen ligg på ein naturleg terrasse og bygningane til Valldal høyleri ligg på eit utgrave platå ca. 12 m lågare. Skråninga på nedsida av vegen er såleis ei skjeringsskråning i grus. Skråninga er ikkje spesielt bratt, men i samband med intensiv nedbør har vatnet fått grusen til å rause ut i. To rasspirar har gått inn til veggen mot vestre ende av bygget.

Vest for bygningane er dét glatt fjell i foten av skråninga. Under synfaringa 15. juni rann det mykje vatn ut av skråninga langs fjelloverflata. Det vart ikkje observert konsentrert uttrekk av vatn oppe i skråninga, sjølv om det var mykje nedbør den dagen.

Sidan riksvegen ligg på toppen av skråninga og har grøft på oppsida, blir det tilført lite overflatevatn ovanfrå. Problemet er nok først og fremst knytt til utstrøyming av vatn i lett gravbare massar ved høg grunnvasstand.

## Tiltak

Beste sikringa er nok å plastre skråninga med sprengstein. For å få plass til plastring, må ein fjerne masse frå nedre del av skråninga. Slik overflata ser ut i dag, skulle det ikkje vere behov for fiberduk under sprengsteinen, men det er mogleg at det blir meir sand i overflata etter utgraving. Behovet for fiberduk må såleis vurderast etter kvart.

Dersom det ikkje ligg drensrør langs muren på bygget, må det leggjast i samband med plastringa. Det bør då også leggjast grunnmursplast mot muren. Eit anna spørsmål er om drenering og plast skal dekkast av vegvesenet.


Av alternative metodar kunne ein tenkje seg sikring med erosjonsnett, men då plastnett har svært lita vekt, er ein avhengig av god plugging dersom nettet skal halde massen på plass. Det er tvilsamt at plugging med kamjern vil fungere i denne massen. Dersom ein skal til med gyste jordstag, blir det kostbart.

I E-posten om oppdraget, er det nemnt lukking av grøfta/bekken på oppsida av riksvegen. Ein må rekne med at bekken representerer grunnvassnivået. Om denne blir lukka, vil det likevel strøyme grunnvatn ut i skråninga. Dersom ein sette ned ein kum der bekken kjem ned til vegen og førte

vatnet i tett rør langs vegen, kunne ein kanskje redusere vasstilførselen, men dette blir ikkje vurdert som eit nødvendig tiltak dersom skråninga blir plastra.

#### VEDLEGG

- 1 Prinsippskisse for plastring med sprengstein
- 2 Foto



Prinsippskisse for plastring med sprengstein

Vedlegg 1

